

Menighetsblad for Sør-Aurdal

Nr. 1 - Mars 2024 e. Kr. - 80. årgang

God påske!



Han er oppstaden, dyre ord

Birgitte Chatrine Boye (1742-1824), var en dansk forfatter og salmedikter. Hun ble født i Gentoftø. Hennes pikenavn var Johansen, og hun giftet seg med skogvokter Herman Hertz og fikk tre barn. Hun var språkmektig og belest og i 1773 vant den da ukjente Birgitte Hertz en salmekonkurranse. Hun oppnådde å bli begunstiget og understøttet av statsminister Ove Høegh Guldberg og ble representert i Harboe og Guldbergs salmebok med 146 salmer.

Hun ble enke i 1775 og giftet seg senere med justisråd Hans Boye. Hun skrev også bøker og skuespill, men var de siste 30 år av sitt liv litterært uproduktiv.

Birgitte Bøye skrev Han er oppstaden dyre ord i 1778. Melodi av Philipp Nicolai, fra 1599. Elias Blix oversatte den til nynorsk i 1902. Salmen brukes som regel kun første påskedag.

Kilde: Norsk salmeleksikon

*Han er oppstaden, dyre ord!
For all vår synd er soning gjord,
no er Guds himmel open.
Min Jesus sigra då han braut
dei piler døden mot meg skaut,
og knuste mørkheims våpen.
Å røyst, mi trøyst!
Sjå, med siger fram han stiger.
Bøtt er skaden.
Han er død, men er oppstanden.*

Den norske kyrkja i Sør-Aurdal

SØR-AURDAL KYRKJEKONTOR

Tingvollbakkin 15, 2930 Bagn

e-post: post.sor-aurdal@kirken.no

Opningstid: tysdag - torsdag kl. 09.00-15.00

Nettside: kirken.no/sor-aurdal.

Følg oss på Facebook og

Instagram: [kirkene_i_Sor-Aurdal](https://www.instagram.com/kirkene_i_Sor-Aurdal)

Kyrkjeverje: Liv Barbro Strømme Veimodet,
mobiltelefon: 416 74 669.

Kontorfullmektig: Toril Grønhaug,

tlf 61 34 85 80/ 904 74 853 tysdag, onsdag, torsdag.

Organist: Anders Løberg, tlf 901 02 180.

Trusopplæringsmedarbeidar:

Helena Wright, tlf 951 78 041

BAGN SOKN

Sokneprest: Signe Elisabeth Kvåle,

tlf 917 91 233

e-post: sk935@kirken.no

Soknerådsleiar: Bjørg Koppervik-Dokken,

tlf 476 30 717

Kyrkjetenar: Tore Bergli, tlf 905 46 827

Klokker: For tiden ubesatt

LEIRSKOGEN SOKN

Sokneprest: Ellen Oddveig Rudi, tlf. 458 66 306

e-post: eoddver@online.no

Soknerådsleiar: Bente Bråten Dokken,

tlf 959 73 019

Kyrkjetenar: John Erling Blad, tlf 988 50 499

Klokker: For tiden ubesatt

REINLI SOKN

Sokneprest: Ellen Oddveig Rudi, tlf. 458 66 306

e-post: eoddver@online.no

Soknerådsleiar: Terje Mikael Hasle Joranger,

tlf 958 54 791

Kyrkjetenar: Tore Bergli, tlf 905 46 827

Klokker og belgdragar: For tiden ubesatt

HEDALEN SOKN

Sokneprest: Signe Elisabeth Kvåle,

tlf 917 91 233

e-post: sk935@kirken.no

Menighetsrådsleder: Arne Storruste,

tlf 913 30 922

Kirketjener: Knut Erik Digene, tlf 977 49 013

Klokker: Frivillig tjeneste

BEGNADALEN SOKN

Sokneprest: Signe Elisabeth Kvåle,

tlf 917 91 233

e-post: sk935@kirken.no

Menighetsrådsleder: Synnøve Gabrielsen,

tlf 957 82 572

Kirketjener: John Erling Blad, tlf 988 50 499

Klokker: Frivillig tjeneste

PRESTENS PENN

Biskop Ole Kristian Bonden




Foto: Lars Martin Bøe

Lat viljen din råda

Det tomme mørkeret som fyller
langfredag kan vi kjenne oss att i.

Kanskje kan vi også kjenne att sorga, omsorga og kjærleiken som
blir vekt i oss i møte med den lidande og den døde?

Jesus skal snart takast ned frå krossen og leggst i grava. Og kvin-
nene ved krossen skal snart kikke inn i grava sitt tomme mørker,
fylde av sorg, omsorg og kjærleik. Men kvar er Gud i alt dette
meningslause? Finst det håp?

Jesus bad i Getsemane-hagen, før han vart tatt til fange og kross-
fest: «Lat viljen din råda.» Vi feirar ikkje påske fordi Jesus døydde
på krossen. Vi feirar påske fordi fortsetting følgjer.

Bøna i Getsemane er som eit ekko frå Fadervår: «Lat viljen din
råda på jorda slik som i himmelen». Det er ikkje ei stadfesting på
at alt som skjer på jorda er Guds plan. Det er ei bøn om at Guds
himmelske vilje skal skje, i alt som møter oss på jorda. Også i
møte med liding og død. At noko skal nyskapast.

Kan det finnast ein god Gud, når det er så mykje vondskap i ver-
da? Det spørsmålet står framleis uløyst, men det står ikkje utan
svar. Gud er skjult for oss, men Jesus er synleg. Kristus på krossen
fortel oss noko om Gud. Vi ser Guds kjærleik spikra på ein kross.
Vi ser Guds nærvær i den lidande. Og vi kan kjenne att verdas
naud og menneske si liding i Jesu død. Også fortvilinga, einsemda,
kjensla av å vere attgløymd av Gud, ropet og stilla. Vi kjenner att
døden og dødskreftene.

Men vi kjenner att meir. I den krossfeste Jesus kjenner vi også att
evangeliet om skaparen av himmel og jord. Han som gir livet sitt
for venene sine. Som byd oss å elske vår neste. Som gjer sjuke
friske og reiser opp den som snublar. Han tar til seg menneske
som er på utsida, og forkynner nåde og hjartelag i ord og hand-
ling. Han syner oss ein kjærleik som er sterkare enn døden. Etter
langfredagen si sorg og mørker kjem påskemorgonen med lys og
glede. Det skjer, og livet vert skapt på ny. Fortsetting følgjer.

Gud er nær, og kjærleiken er sterkare enn døden. Den tomme
krossen minner oss om døden, men først og sist er det teiknet
på den oppstadne Kristus. Livet sigrar. Guds nærleik og kjærleik
finst i verda.

God påske!



Foto:
Jorun Vang

Smått og stort

Tusen takk for at vil abonnere på menighetsbladet. Nå sitter du altså med påskenummeret i hånden. Som til jul pynter vi litt ekstra for høytiden, vi finner frem gule duker, pledd og pynt, vi koser oss med påskelam og påskegodt. Kirkegang og lesing påskeevangeliet hører også med for mange. Vi håper riktig mange finner veien til kirken i påsketiden, Tid og sted for gudstjenester finner du på baksida av bladet. God påske og velkommen til kirke!

Takk til gamle sokneråd og fellesrådet

4 år er lenge, i hvert fall i starten på en periode. Jeg er sikker på at du som nå har gått ut av sokneråd og fellesråd sitter igjen med en følelse av at det har gått fort også.

Perioden din som representant i soknerådet og evt fellesrådet er et avsluttet kapittel.

Vi håper du, til tross for mange store og omfattende oppgaver denne perioden, har en god følelse når du nå går av. Vi tror og håper at det har vært både lærerrikt og engasjerende. Tusen takk for jobben du har gjort for menighetene i Sør-Aurdal!

Velkommen til nye sokneråd og fellesrådet

Vi takker for at dere har stilt opp til Kirkevalget 2023, og gratulerer som nyvalgt til menighetsrådet for perioden frem til Kirkevalget i 2027. Det er et privilegium å være med å forvalte kirken som betyr mye for svært mange, og vi er takknemlige for at nettopp du engasjerer deg. Det ligger mange oppgaver og ventur – vi håper det vil vekke nysgjerrigheten, være lærerrikt og utfordrende.

Vi i staben er innstilte på å gjøre vårt beste til et godt samspill mellom alle parter: de som har kirka som arbeidsplass og soknerådet, mellom organisasjonen og folket vi skal tjene og sist men ikke minst en god dialog med Sør-Aurdal kommune.

Vi ønsker en åpen folkekirke med stor takhøyde og der det er plass til alle, der alle blir sett og der alle føler seg likeverdige. Velkommen til dyst!

Menighetsbladet

Du som sitter med dette bladet fysisk i hånden har betalt kontingent for 2024, eller fått det i gave. Tusen takk for det, uten abonnenter, intet menighetsblad!

Til deg som leser bladet på nett vil jeg si at jeg håper du koser deg med bladet og at du ser verdien av å ha et menighetsblad. Har du lyst til å støtte bladet er det hyggelig med en gave til det. En gave kan du gi ved å betale inn en frivillig sum til konto 23201779723 eller vippe til vipps nummer: 114107

Har du lyst til å abonnere og få bladet i hånden betaler du kr. 350,- til konto 23201779723 eller vipper kr 355,- til vipps nr 114107.

Dagene blir stadig lengre, og mørketida ga oss anledning til å se oss tilbake før vi nå fortsetter ferden inn i 2024 med nye muligheter. Måneder, uker, dager, minutter og sekunder gir oss til sammen et stort hav av øyeblikk.

Med ønske om en riktig fin påskehøytid til dere alle. Kirkevergen

Fellesrådet takker av våre to klokkere Oddleiv Juvkam og Marianne Jensen

I Fellesrådssak 35/94 står det følgende om klokkestilling i Bagn kyrkje: «Stillinga, som er på 9,8 % var lyst ledig i Valdres den 15-10 94, med søknadsfrist 29/10. Det har meldt seg ein søkjar – Oddleiv Juvkam fra Bagn. Juvkam har vikariert som klokke i Bagn kyrkje i ein periode tidligare og kjenner dermed godt til arbeidet. Oddleiv Juvkam ble ansatt i 7 % stilling som klokke i Bagn kyrkje f.o.m. 20.11.94.

På tidlig 2000 tall ble det ledig klokkestilling i Reinli og det var vanskelig å få fylt den. Stillingen var utlyst i avisa, det ble tatt kontakt med personer man håpet kunne ta jobben, Marianne Jensen sa etter hvert ja takk til stillingen og har fungert i denne 6 % stillingen siden 01.04.2006.

Klokkestillingene er små, men veldig viktig for menigheten og presten. Så det var en vanskelig avgjørelse for Fellesrådet å ta, da de tidlig i 2023 måtte redusere staben i Sør-Aurdal kirkelige fellesråd. En reduksjon gjort pga «virksomhetens forhold» som det heter når økonomien ikke lenger gir rom for å drifte kirkene i Sør-Aurdal slik vi ønsker.

Som kirkeverge er det vondt å takke av disse to for lang og tro tjeneste, og samtidig vite at de ikke slutter av egen fri villje. Både Oddleiv, med sine 30 års ansiennitet, og Marianne, med sine 17 år, har vært glade i å jobbe i kirka. De har trivdes i vårt arbeidsmiljø og med jobben sin. Så har altså Fellesrådet måttet gå til det skritt å si opp disse to pga virksomhetens forhold.

Kjære Oddleiv og Marianne!

Dere har begge vært til inspirasjon for oss alle, og vi har likt å ha dere med i staben vår. Til tross for små stillinger og andre oppdrag utenfor kirken har dere alltid prioritert våre stabsmøter og sosiale treff. Dere har begge betydd mye for oss og vi har satt stor pris på engasjementet dere har vist.

Vi vil savne dere i stabsmiljøet vårt. Vi blir stadig færre og er nå en liten gjeng på 6 personer fordelt på 4,7 årsverk som er ansatt i Sør-Aurdal kirkelige fellesråd (prestene er ansatt i Bispedømmet) og det vil merkes at 2 sterke personligheter blir borte.

Vi håper jo selvsagt på mange treff i kirkene i fremtiden likevel – enten som frivillige klokkere eller som alminnelige gudstjenestedeltakere.

Tusen takk for innsatsen i Sør-Aurdal kirkelige fellesråd.



Konfirmanter Sør-Aurdal 2024

Bagn kyrkje

Emilie Barkost

Oliver Hildonen

Ove Magnus Kløvstad

Thomas Langedrag

William Kjær Larsen

Ine Thorsrud Lid

Håkon Fønhus Lundhaug

Oda Mikkelsgård

Linneah Nesset Svarstad

Leirskogen kyrkje

Iselin Bratvold Nybråten

Tarjei Øvergaard

Reinli stavkyrkje

Eline Bergene

Annika Bjørnstad

Eskil Stensæter Dokken

Sondre Stensæter Dokken

Alfred Olav Råheim

Begnadalen kirke

Jan Olav Grimsrud

Magnus Venåsen Korsmo

Milla Sollien Nybakke

Hedalen stavkirke

Magnus Sukke Bakke

Morten Aleksander Skailand Bakken

Emil Bakke Berg

Andreas Juliussen Bjørnstad

Fredrik Juliussen Bjørnstad

Agnes Bredesen Fossholt

Hans-Ole Hamre-Hotvedt

Tia Henriksen

Martin Martinius Ildjarnstad

Henriette Kjensrud

Maikel Klepzig Lilleeng

Sondre Hagen Skarseth

Mathea Odden Skogstad

Konfirmantleir

Konfirmantene var på Hekta leir, Lillehammer fra 2. – 4. februar. Det var deltakere fra hele Innlandet og over 1000 konfirmanter var samlet denne helga.

Det er mange aktiviteter og opplevelser konfirmanten får med seg på disse dagene. Også flere av foreldrene måtte være med som hjelpere for at leiren kunne gjennomføres.

Her er noen bilder fra leiren.

Foto: Jane Langedrag



Kven sit i fellesrådet?

Fellessrådet er kyrkjelyden sitt organ på den måten at medlemmene av fellesrådet blir valde av og blant dei som er valde til medlemmer av dei einskilde sokneråda, jfr kirkelova § 12. Det er altså ikkje direkte val til fellesråd. Det er talet på sokneråd i kommunen som avgjer talet på medlemmer i fellesrådet. Er det frå to til fire sokneråd, er det to medlemmer frå kvart sokneråd som blir valde. Er det fem eller fleire sokneråd i kommunen, veljer ein eit medlem frå kvart sokneråd. Det er medlemmer og ikkje varamedlemmer av soknerådet som kan veljast til fellesrådet. Føremålet med ein slik representasjon er å sikre at fellesrådsmedlemmene har god kontakt og godt innblikk i soknerådsarbeidet, men det er likevel ikkje slik at soknerådet kan binde sine representantar i fellesrådet.

I tillegg er det lovbestemt at prosten eller ein annan prest oppnemnd av biskopen er medlem av fellesrådet.

Kommunestyret oppnemner óg eit medlem til kyrkjeleg fellesråd. Han eller ho må være medlem av Den norske kyrkja. Representanten blir vald for same perioden som kommunestyret.

Medlemmene blir valde for fire år. Funksjonsperioden i rådet tek til 1. desember. Nærare reglar om val av kyrkjeleg fellesråd er fastsett av Kyrkjemøtet. Kyrkjevevja er sekretær for rådet og har forslagsrett men ikkje stemmerett.

Sør-Aurdal kyrkjelege fellesråd konstituerte seg 18. januar – og rådet ser nå slik ut:

Leiar: Øystein Kleven (Bagn)

Nestleiar: Emmy Bakkom (Hedalen)

Øvrige medlem: Torleif Joplassen (Leirskogen), Terje Mikael H Joranger (Reinli), Vibeke Finnøen Amundsen (Begnadalen)

Biskopen si representant: Signe E Kvåle

Kommunestyret si representant: Cathrine Hagen

Vi takker det gamle rådet med leiar Jon Nerødegård i spissen for gode år – og ønsker det nye rådet lykke til!

Andakt

Ellen prest og Anders kantor har andakter både på Sør-Aurdalsheimen, Solbraut og Hedalseheimen en gang i måneden.

På bilde vi her ser besøker Ellen og Anders Hedalsheimen.



Leirskogen kyrkje 100 år blir feira med konsert og jubileumsdag

Sjølvsagt om kyrkja vår er «ung» er det ein merkedag å bli 100 år.

Sjølve innviingsdagen i 1924 var 18. mars, men vi feirar **16. juni 2024**. Det blir gudsteneste og påfølgande feiring på grendehuset på Leirskogen og vi håper sjølvsagt at mange vil vera med oss denne dagen. Sjølve programmet for dagen må vi kome tilbake til.

Kyrkja på Leirskogen vart sett opp ved hjelp av stor dugnadsand og gjevarglede og det var mange som sto på for at kyrkjebygget skulle stå klart til fristen dei hadde fått. Historia fortel at for bygdefolket var det av stor betydning å få sitt eige kyrkjebygg.

Når det gjeld historia om korleis gudshuset sto klart 18. mars i 1924 og viktige hendingar i dei påfølgande hundre åra kan du lese om det i eit jubileumshefte som vi arbeider med fram mot jubileumsdagen.

Som ein del av feiringa kjem PUST med konsert i kyrkja **16. mars** kl 17:00.

Kjem du i kyrkja denne dagen vil du få høyre seks vakre stemmer i magisk, mektig og leiken samklang i kyrkjerommet. Det gler vi oss veldig til. Billettar kan kjøpast ved SMS til 907 71 970. Etter bestilling Vipps 72 44 84 eller konto 6185.05.14738

Soknerådet



Foto: Ingjerd Dunér Aspaas



Foto: Mads Iversen

Menighetsrådsleder i Hedalen har ordet

Vi i menighetsrådet består av

Leder	Arne Storruste
Nestleder	Emmy Bakkom og representant for fellesråd
Sekretær	Bente Fekjær Skogly
Kasserer	Målfrid Huseby

I vara møter fast John Breen Aspholt

Det er 3 av oss som tok gjenvalg (og ble valgt) og dermed har vi god overgang. Og med mange utvalg med stabile folk, går mye av seg selv. Noen slutter i utvalga og en stor takk til de. Da må vi i MR prøve å få tak i nye.

Vi har jobbet med å få til minnelund ved kirka vår. Den skal stå til høyre i rekke 3 når du kommer inn på kirkegården. Minnelund er for urnenedsettelse og kan benyttes av alle. Både de som har gravsted og de som ikke har gravsted. Det er viktig at etterlatte har et sted å gå til. På steinen skal det bare stå navn, født og døds dato.

Hvordan få flere til kirka? Jeg tror kirkekaffe er viktig. Enten ha det etter messa eller bli med/ invitere med, noen hjem. Eller har du en salme du gjerne ville hatt i kirka? I Begnaldalen kirke hadde de salmesang med Prosten Weisser med stor deltagelse og flotte tilbakemeldinger. Det må vi få til i Hedalen også. Jeg var opptatt den kvelden og fikk det ikke med meg. Da tenkte jeg på sangen: «Der skulle vi ha vøri, Kal. Der skulle je ha vøri».

Hilsen Arne




Salmekveld i Bagn kyrkje

Torsdag den 22. februar inviterte soknerådet i samarbeid med kantor Anders Løberg til salmekveld i kyrkja. På førehand hadde rådet invitert alle som ville, til å koma med ynskjer om kva salmar dei hadde lyst til å høyre og å vere med å synge denne kvelden, og kvifor. Mange ynskjer kom inn; fleire enn det var rom for å få med på ei liten kveldsstund i kyrkja.

Gledeleg mange møtte fram! Til vakkert tonefølge av Anders Løberg sang vi oss gjennom både kjente og mindre kjente salmar. Kvar salme fekk ein kort introduksjon; nokre av Signe Marie Langedrag Hagen og Bjørg Koppervik-Dokken frå soknerådet, og nokre frå ein av forslagsstillarane; Gunhild Vegstein Leite. Ho fortalde òg kvifor ho hadde ynskt seg desse, og kva dei betydde for henne. Signe Marie las òg to tekstar - ord til ettertanke innimellom salmesongen.

Vi har ein rikholdig og vakker salmeskatt å ause av, og det er godt å få synge, og å få synge i lag med andre. Og ekstra fint er det å få synge til tonane frå eit kyrkjeorgel. Det gode frammøte denne kvelden vitna om at mange er einige i dette, og det vart etterpå formidla eit tydeleg ynskje til soknerådet om at slike kveldar såg ein gjedne at det blir fleire av. Det oppdraget tek vi med glede!


Bjørg Koppervik-Dokken
Leiar i Bagn sokneråd



Skolegudstjeneste

Bagn skole prøvde ut en litt annen modell for kirkebesøket før jul. Erstattet skolegudstjeneste med julesamling i kirken. Noe av liturgien vi har brukt tidligere var nå sløffet. Innholdet var en blanding av formen til en gudstjeneste og en profan samling i forbindelse med jul. Denne samlingen er i tråd med veilederen for Utdanningsdirektoratet.

Foto: Anders Løberg





BARNAS

Finn 10 hovedsteder!

I rutenettet under har vi gjemt 10 forskjellige hovedsteder. Navnene står fra venstre mot høyre og nedover. Klarer du å finne alle sammen?

M	A	N	I	L	A	N	T
O	S	A	T	H	E	N	A
S	O	P	N	E	G	A	L
O	F	T	A	L	E	I	I
S	I	G	R	S	U	R	M
L	E	K	A	I	R	O	A
O	R	Ø	I	N	F	B	R
R	O	M	A	K	S	I	O
B	E	R	L	I	N	E	M
I	M	S	H	A	N	O	I

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller **22 08 71 00**



Fargelegg!

Tegning: Chiara Bertelli

Finn fem feil!

Her viser Jesus seg for disiplene etter at han døde og stod opp igjen. De to bildene er nesten helt like, men kan du finne fem feil på bildet til høyre? Tegning: Chiara Bertelli

Hva hadde vi kalt Noahs ark hvis den hadde vært en rutebåt? Svar: Ruteark

Vitser

- Kelner! Er dette en vanlig tre-retters middag?
- Ja, en kjøttkake, en potet og en ert.
- Jeg skal ha to kaffe uten fløte.
- Vi har ikke fløte, så da må det bli uten melk.



Hjarte for vatn for Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon

8



Rachelle og Sanaa er begge glade for at landsbyen Deir El Ghazal no har fått tilgang på reint vatn. Vatnet kjem både libanesarar og syriske flyktningar til gode. Straks er det tid for Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon, der over 40.000 konfirmantar skal ut å gå med bøsse for reint vatn.

I Libanon manglar mange vatn, ein av dei var 15 år gamle Rachelle El Debs.

– Eg elsker familien min, landsbyen og landet mitt. At eg kanskje må forlate alt, er heilt forferdeleg å tenkje på, seier ho.

Vi er i Deir El Ghazal, heilt på grensa til Syria. Berre fjella skil. Her kunne dei sjå kampane gå føre seg mellom IS og libanesiske styrkar.

– Sjå kor vakkert det er. Det er den vakraste staden på jord, ikkje sant? Fjella, dalen, trea. Eg kan ikkje kome meg fort nok ut i naturen, smiler Rachelle El Debs og ser utover Bekaadalen. Libanon er eit land som står i mange krisar, og spesielt ungdom som Rachelle får kjenne det på kroppen.

– Det er vanskeleg for alle, men det vondaste er at det ikkje er noko framtid for oss her. Vi unge må reise ut for å få jobb.

I 2019 kollapsa økonomien i landet, folk mista alle sparepengane sine og det offentlege tenestetilbodet krasjlanda. Ein lærar gjekk frå å tene rundt 25.000 kroner i månaden til tusen kroner i månaden. I 2020 var hovudstaden Beirut råka av ein massiv eksplosjon som mellom anna øydela landet sitt viktigaste kornlager. Så kom covid og no ligg heile landet med brekt rygg. Arbeidsløysa er skyhøg, helsetilbodet elendig og unge velutdanna flyktar frå landet.

– Eg vil vere her i Libanon saman med familien min, men eg har nok ikkje noko val. Skal eg får meg ein jobb, så må eg reise ut. Området Rachelle bur i har vore utan vatn i 40 år, og alt drikkevatt har kome med lastebil ein gong i veka.

I dag har Rachelle tatt oss med på tur opp i fjella, vi er på 1300 meter over havet. Ein av hobbyane hennar er å gå på tur i fjellet, og ho er opptatt av å nå målet med 10.000 skritt kvar dag.

– Eg er opptatt av å halde meg i form, og å gå har hjulpet meg masse. Eg tenkjer klårare og kjenner meg mykje betre etter ein fjelltur, smiler ho.

Turen er ikkje tilfeldig valt, ho vil nemleg vise oss ein vasstank på 800.000 liter, som gjev vatn til landsbyen hennar på nesten tre tusen menneske. Både syriske flyktningar og libanesarar.

Heilt til 2020 var landsbyen utan vatn. Dei hadde ein 300 meter djup brønn som stod ubrukt fordi det korkje var pengar til straum eller diesel til å drifte han.

Takk vere Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon kunne Kirkens Nødhjelp syte for reint vatn til landsbyen til Rachelle. Dei siste tre åra har vi bygd eit solcellepanel, ein vasstank og kopla til vassrøyr. Ein av dei som har stått for utbygginga, er vass-sjefen vår i Libanon, Sanaa Al Asaad. Ho er sjølv frå Syria, og for henne er det ekstra viktig at både flyktningar og lokalsamfunn får nytte godt av vatnet på grensa til heimlandet.

– Vatnet har vore heilt avgjerande for landsbyen min, og eg som går så mykje på tur, drikk vatn heile tida, seier Rachelle og smiler bort til Sanaa.

Gjennom Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon, kan vi syte for reint vatn til endå fleire som Rachelle. Det er håp i ein drope vatn! Bli med på Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

- Kirkens Nødhjelp har svart på humanitære behov i Libanon sidan 2013.
- På grunn av krig i nabolandet Syria har Libanon sidan 2011 opplevd ei massetilstrøyming av flyktningar. Dette gir eit enormt press på infrastruktur. Med den økonomiske kollapsen i 2019 og eksplosjonen i Beirut i 2020 er dei humanitære behova framleis store.
- Kirkens Nødhjelp sitt arbeid i Libanon fokuserer på to tema: vatn, sanitær og hygiene; og kjønnsbasert vald.
- Kirkens Nødhjelp sitt klimarobuste vatn-program omfattar tilgang på trygt vatn gjennom boring og/eller rehabilitering av brønningar og/eller vatnforsyningsnettverk, bygging av vatnreservoar og vatntransport.
- Kirkens Nødhjelp har vore i front når det gjeld å bruka grøn teknologi, som solcellepanel for pumping av vatn, og rettar seg også mot miljøsanering for å ta tak i og minske utfordringar i samband med kloakkvatn og fast avfall dei fleste stader i Libanon.
- Midlar samla inn i fasteaksjonen bidreg til at dette viktige arbeidet kan haldast oppe.

PÅSKEQUIZ

1. I hvilken by vokste Jesus opp?
2. Hvilken dag slutter fasten?
3. Nevn et annet navn for 1. mosebok
4. Hvor mange egg går det på et snes?
5. En av kirkene i Sør-Aurdal fyller 100 år i år. Hvilken?
6. Hva het forbryteren som ble løslatt i stedet for Jesus?
7. Hvilken fugleart legger de største eggene?
8. Hva slags dyr red Jesus inn i Jerusalem på palmesøndag?
9. Hvilket ord finner man ikke i det Gamle Testamentet i Bibelen? a) Påske b) Bønner c) De ti bud
10. Hvor lenge vandret Jesus i ørkenen?

Løsningen på spørsmålene finner du på side 11

Kirkelig fellestråd kan besørge stell og planting på grav mot forskuddsvis betaling

Det er gjennom tidens løp blitt flere og flere som ønsker at fellestrådet skal være ansvarlig for stell av graven. Det kan være mange grunner til det, de vanligste er at man bor langt unna, og derfor ikke får stellet som ofte som man bør – eller at fester er kommet i den situasjon at vedkommende ikke klarer det selv lenger. Uansett grunn er vi der for å hjelpe deg. Her følger hva som står i "vedtekter for kirkegårdene i Sør-Aurdal Kommune" vedr dette:

Kap.V Gravfond

§ 9 Gravfond

Forutsatt at fester/kunde innbetaler et beløp til gravfondet som disponeres av fellestrådet, vil kirkegårdsmyndigheten overta ansvar for planting og stell av graven. Gravfondet forvaltes av kirkevergen, som fondsbestyrer. Det innbetalte beløp, med tillegg av renter, skal dekke utgiftene til vanlig stell av gravstedet for et fastsatt tidsrom. Det opprettes en avtale i hvert enkelt tilfelle.

Gravfondet kan ikke opprettes med lengre varighet enn den foranliggende festetid. Dersom det i fondsperioden oppstår slike økonomiske forhold at midlene ikke strekker til, skal fondsbestyreren gi melding om dette til den ansvarlige. Da er det anledning til å øke fondet slik at det varer tiden ut. I motsatt fall vil vedlikeholdet opphøre når midlene er oppbrukt.

Skulle det være midler igjen av fondet når tida er ute, blir disse å anvende av kirkelig fellestråd til alminnelig forskjønnelse av kirkegården.

Gravfondene forvaltes felles, men fondsbestyrer fører eget regnskap for hvert fond som revideres årlig. Det er av fondsmidlene anledning til å beregne provisjon for administrasjon og revisjon.

Kontakt Toril på kirkekontoret om du har spørsmål om dette eller ønsker å inngå en avtale: tlf 61348580 eller epost tg526@kirken.no

010224 Kirkevergen

Begnadalen 28. januar

Søndag 28. januar inviterte prost Carl Philip Weisser og kantor Anders Løberg til en litt annerledes kveldsgudstjeneste, etter ønske fra menigheten i Begnadalen. Salmesangen sto i fokus. Carl Philip innledet med en salme av Martin Luther, han akkompagnerte seg selv på gitar. De to hadde funnet frem både kjente og mindre kjente salmer som menigheten var med å synge. Anders spilte på orgel, flygel og trommer og med Carl Philip på gitar det ble et variert musikkbilde. Til preken skulle menigheten selv komme med forslag til salmer ved å rekke opp en hånd.

Det var det flere som gjorde og 4 personer fikk sine salmeønsker oppfylt.

Begnadalen menighetsråd inviterte til kirkekaffe etter gudstjenesten. Her kunne de som ønsket skrive sine salmevalg på en lapp. Tanken er å bruke av disse salmene ved senere anledninger i Begnadalen kirke.

Foto: Liv Barbro Veimodet



Vi blar i arkivet v/Björg Ingrid

Takhøyden i kirken, 1984

Det snakkes mye om takhøyden i kirken for tiden. Mange er redde for at kirken skal bli en trang og snever institusjon med plass bare for noen få utvalgte.

Det er gledelig at folk er opptatt av kirken og ønsker å høre til i den. Den Norske Kirke er, og skal være en åpen folkekirke med rom for alle som ønsker å være i kirken.

På den andre side kan ikke folkemeningen eller politikerne eller enkeltpersoner avgjøre innholdet i kirkens tro. Kirken er bundet av Guds ord og Bekjennelsen. Der finner vi innholdet.

Dersom vi kommer i strid med Bibelen og Bekjennelsen kommer vi altså i strid med oss selv og med Gud. Derfor må kirkens lære og forkynnelse prøves på Bibelen. Derfor må også kirkens prester forplikte seg til å lære og forkynne i overensstemmelse med dette innholdet. Biskopen har så til oppgave å se til at prestene gjør sin tjeneste slik de har lovet ved sin ordinasjon. Det stilles altså strengere krav til en prest enn til vanlige medlemmer av kirken.

I den senere tid har en fått inntrykk av at takhøyden i kirken står og faller med Helge Hognestad. Dersom han må slutte som prest skulle kirken plutselig bli trang og snever.

Men takhøyden i kirken har vi uavhengig av Helge Hognestad. Kirken blir ikke snever om han ikke kan være prest, men det betyr at det er grenser for hva en prest kan forkynne. Dersom det Helge Hognestad forkynner er i strid med kirkens grunnlag, med Bibelen og Bekjennelsen, kan han ikke være prest i vår kirke. Ellers ville jo kirken komme i strid med seg selv og sitt oppdrag.

Hognestadsaken handler ikke om takhøyden i kirken, slik noen gir inntrykk av. Den handler i stedet om hvorvidt Helge Hognestads lære og forkynnelse er i overensstemmelse med kristentroens innhold, og det er alvorlig.

Men en rommelig kirke har vi, - også uten Helge Hognestad som prest.

Sim.

I samtale med gamle-organisten, 1994

Sigrd Dokken var organist i Begnadalen frå 1950 til 1969. Ho spelte ei tid før og, men det var i 1950 ho vart fast ansatt, etter å ha gått på Musikkonservatoriet i to semestre. Orgelet i gamle-kyrkja hadde fire stemmer, og ho måtte ha med seg ein til å trø i belgen.

Frå 1957 til 1964 spelte ho i kapellet. Vi hadde og eit lite soknerådskor fyrst i 50-åra, det var Reidar Nielsen som oppmuntra oss til å gå i gang, mens Sigrd spela til sangen, og var den som heldt koret i gang. Vi hadde og eit lite sangkor fyrst i 60-åra, der Bjarne Nergaard, som var klokkar her, var dirigent.

På ekstra høgtidsdagar hendte det at Sigur Landsen spelte fele saman med Sigrd, eller Siegesmund på obo. Elles hadde vi to soknerådsaksjonar her den tida.

På den fyrste var Torleif Andersen hovudtalar og den andre var Leonard Gudmundsen. Det var oppbyggjelege og rike samvær.

"Har du noko frå di organisttid du hugsar særleg godt?"

"Ja, nyårskveldane i gamlekyrkja. Det var folk over alt, både nede i kyrkja og på galleriet. Jamvel bak orgelet sat det folk. Og nede i kyrkja sat det ofte ungdom på golvet bakerst. Og 30 levande lys skapte høgtid og stemning, men også alvor, ettersom det var siste dagen i året. Vi visste ikkje kva det nye året ville møte oss med sorg og glede."

"Har du andre minne?"

"Ja, då Helge Mæhlum stoppa meg midt i ei salme og bad meg spela fortare. Eg vart veldig nervøs, men samla meg då sopass at eg klarte å spele vidare. Eg minte forresten Mæhlum på dette då han var vikarprest i fjor, og vi fekk oss ein god latter begge to."

"Elles minnast eg at eg fekk Guri Perlestenbakken til vikar for meg det siste halvåret. Eg visste ho var flink og håpa at ho kunne ta over jobben etter meg, for eg var veldig glad for å slutte då."

"Enn løna då?"

"Eg hadde 600 kr i året."


"Korleis likte du å vera organist?"

"Det var ei rik og fin tid, men eg var ofte nervøs før spelinga, syntes aldri eg var so flink som eg skulle, men eg var glad og takknemleg etterpå når eg hadde klart det. No er eg so glad når eg kan sitje nede i kyrkja roleg og avslappa, det var nok verre å sitja på galleriet og ha ansvaret for musikken," seier Sigrd til slutt.

"I kyrkjelyd og misjon du Sigrd tente her, so stillfaren og lita du var i all di ferd.

Vi gjerne vil deg takke for alt du var og er, må lenge vi få sjå deg i kyrkjelyden her." K.S.

Blomsterhelsingar frå Leirskogen kyrkje



frå Leirskogen

Kr 30,-

Kortet blir seld til inntekt for kyrkjegarden, kyrkja og kyrkjelyden

Ta kontakt med
Bente Bråten Dokken, 95973019
eller Jon Nerødegård, 90771970

Merkedager i livet

BAGN

Døpt:

28.01.24 Olli Haugrud-Ulvund

Gravferdshandlingar:

09.01.24 Anne Kristine Gladhaug

12.01.24 Agnes Marie Stensæter –
urnenedsettelse

30.01.24 Liv Lindelien

13.02.24 Kari Bakke

01.03.24 Wenche Grøvslien

LEIRSKOGEN

Gravferdshandling:

09.01.24 Nils Komperud

BEGNADALEN

Døpt:

25.02.24 Caspian Tala

Gravferdshandlinger:

05.12.23 Asbjørn Karlsen

05.01.24 Tore Martinsen

HEDALEN

Døpt:

14.01.24 Thea Johanne Henriksen

Gravferdshandlinger:

19.12.23 Kari Halldis Brenden

12.01.24 Borghild Bjørgan

12.01.24 Torild Aaslie

16.01.24 Maria Syse Bråthen



Vi oppfordrer leserne til å bidra med stoff eller tips om aktuelle saker. Frist for innlevering er 10. mai

STAVKIRKENE I SØR-AURDAL SØKER OMVISERE/GAIDER

Sør Aurdal kirkelige fellesråd organiserer turistvirksomheten i Reinli og Hedalen Stavkirke. Sommeren 2024 håper vi kirken kan være åpen for publikum i perioden 01. juli -11. august. Kirkene vil være åpne 5 dager hver og har stengt tirsdager og onsdager begge steder. Åpningstiden vil være kl. 1100-1700

For å få til dette trenger vi omvisere. Dersom du er serviceinstitutt, er interessert i kunst og historie og i tillegg trives med å formidle, er du kanskje den vi søker.

Du må være 16 år. Skolelever, studenter og pensjonister anmodes om å vurdere et engasjement.

Du må ikke binde deg for hele perioden, da vi er fleksible på å la flere dele en "turnus".

Omviserne skal gi de besøkende innføring i og opplevelse av historien til Stavkirken (formidlingsdelen), og se til at kirka, kirkegården og gjenstander i kirka ikke blir skadd eller kommer bort (vaktdelelen). - Begge deler er like viktig.

Omviserne står for billett- og varesalg. I tillegg kan det bli pålagt andre oppgaver som kan utføres i stille perioder, uten at det går ut over hovedoppgavene. Så som renhold, og pynting/klipping på kirkegården.

Omvisningen foregår i hovedsak på norsk, tysk og engelsk, men det er også behov for personer med andre språkkunnskaper.

Det er utarbeidet arbeidsinstruks for stillingene. Alle må, før arbeidsperioden starter, forplikte seg til å delta på omviserkurs og kurs i brannvern.

Lønn etter kirkelig tariffavtale.

Nærmere opplysninger ved kirkeverge Liv Barbro Veimodet tlf 416 74 669 eller pr. e-post: lv564@kirken.no

Søknad sendes Sør-Aurdal kirkelige fellesråd, Tingvollbakkin 15, 2930 Bagn, innen **30. april 2024** eller pr e-post: **post.sor-aurdal@kirken.no**



FASIT PÅSKEQUIZ

1. Nasaret
2. 1. påskedag
3. Genesis
4. 20
5. Leirskogen
6. Barabbas
7. Strutsen
8. Et esel
9. a) påsken
10. 40 dager

Velkommen til kyrkje

24. mars, Palmesøndag

Matt 26, 6-13 Jesus salves
Soltun, Begnadalen kl. 11.00:
Gudstjeneste. Signe Kvåle.

28. mars, Skjærtorsdag

Luk 22, 14-23 Nattverden
Veståskapellet kl. 16.00: Høgmesse.
Signe Kvåle.

Hedalen stavkirke kl. 19.30: Høymesse.
Signe Kvåle.

29. mars, Langfredag

Mark 14,26-15,37 Lidelsesberetningen
Leirskogen kyrkje kl. 11.00: Høgmesse.
Ellen Oddveig Rudi.

31. mars, Påskedag

Matt 28, 1-10 Jesus står opp
Bagn kyrkje kl. 11.00: Påskehøgmesse.
Ellen Oddveig Rudi.

Hedalen stavkirke kl. 11.00:
Påskehøymesse. Signe Kvåle.

1. april, 2. påskedag

Luk 24, 36-45 Jesus viser seg for disiplene
Begnadalen kirke kl. 11.00.
Påskehøymesse. Signe Kvåle.
Barnkoret deltar.

7. april, 2. søndag i påsketiden

Joh 21, 15-19 Jesus og Peter
Ingen gudstjenester i Sør-Aurdal

14. april, 3. søndag i påsketiden

Joh 10, 1-10 Jeg er porten
Hedalen stavkirke kl. 11.00: Tårn-
agentgudstjeneste. Signe Kvåle og Helena
Wright. Årsmøte etter gudstjenesten.

Bagn kyrkje kl. 18.00: Samtalegudste-
neste. Signe Kvåle.

21. april, 4. søndag i påsketiden

Joh 13, 30-35 Et nytt bud: Elsk hverandre
Begnadalen kirke kl. 11.00:
Samtalegudstjeneste. Signe Kvåle.
Årsmøte etter gudstjenesten.

Reinli kapell kl. 18.00:
Samtalegudstjeneste. Signe Kvåle.

28. april, 5. søndag i påsketiden

Luk 13, 18-21 Sennepsfrø og surdeig
Leirskogen kyrkje kl. 11.00: Samtale-
gudstjeneste. Ellen Oddveig Rudi.
Årsmøte etter gudstjenesten.

Hedalen stavkirke kl. 18.00:
Samtalegudstjeneste. Signe Kvåle.

1. mai, Onsdag

Luk 14, 12-14 Innby fattige og uføre
Bagn kyrkje kl. 11.00:
1. mai gudstjeneste. Signe Kvåle.

5. mai, 6. søndag i påsketiden

Matt 7, 7-12 Bønn og den gylne regel
Reinli kapell kl. 11.00: Gudstjeneste.
Ellen Oddveig Rudi. Årsmøte etter
gudstjenesten.

Begnadalen kl. 18.00: Kveldsmesse.
Signe Kvåle.

9. mai, Kristi himmelfartsdag

Luk 24, 46-53 Jesu avskjed
Hølera bedehus kl. 11.00: Gudstjeneste.
Signe Kvåle.

12. mai, Søndag før pinse

Joh 3, 16-21 Lyset er kommet til verden
Ingen gudstjenester i Sør-Aurdal

17. mai, Fredag

Matt 22, 17-22 Gi keiseren hva keiseren er
Gudstjenestene for 17. mai er ikke
avklart enda. Følg med på våre
nettsider og avisa Valdres.

19. mai, Pinsedag

Joh 14, 15-21 Talsmannen og Jesu bud
Leirskogen kyrkje kl. 11.00: Gudstjeneste.
Ellen Oddveig Rudi.

26. mai, Treenighetssøndag

Luk 10, 21-24 Jesus jublet i Ånden
Hedalen stavkirke kl. 11.00:
Gudstjeneste. Signe Kvåle.

1. juni, Lørdag

Joh 3, 26-30 Han skal vokse, jeg skal avta
Bagn kyrkje kl. 11.00: Konfirmasjons-
gudstjeneste. Signe Kvåle.

2. juni, 2. søndag i treenighetstiden

Joh 3, 26-30 Han skal vokse, jeg skal avta
Hedalen stavkirke kl. 10.30: Konfirma-
sjongudstjeneste. Signe Kvåle.
Hedalen stavkirke kl. 12.00: Konfirma-
sjongudstjeneste. Signe Kvåle.

8. juni, Lørdag

Joh 1, 35-51 De første disiplene
Begnadalen kirke kl. 11.00: Konfirma-
sjongudstjeneste. Signe Kvåle.

9. juni, 3. søndag i treenighetstiden

Joh 1, 35-51 De første disiplene
Leirskogen kyrkje kl. 10.00: Konfirma-
sjongudstjeneste. Ellen Oddveig Rudi.

Reinli stavkyrkje kl. 12.00: Konfirma-
sjongudstjeneste. Ellen Oddveig Rudi.

16. juni, 4. søndag i treenighetstiden

Matt 16, 24-27 Å følge etter Jesus
Leirskogen kyrkje kl. 11.00: Festguds-
teneste, Leirskogen kyrkje markerer sitt
100-års jubileum.
Ellen Oddveig Rudi.

Det tas forbehold om at gudstje-
nestelisten kan endres. Følg med i
avisa Valdres og nettsidene i kom-
munen.

MENIGHETSBLAD FOR SØR-AURDAL Utgievar: Sør-Aurdal kyrkjelege fellesråd

Redaksjon:

Signe Elisabeth Kvåle

Liv Barbro Veimodet

Toril Grønhaug

Bagn: Bjørg Ingrid Brenno

Leirskogen: Mikael Sørbøen

Menighetsbladets

kontonummer:

2320 17 79723

VIPPS: 114107

Sør-Aurdal kirkelige fellesråd

VIPPS: 647282

Bagn kyrkje – kollekt

VIPPS: 724484

Leirskogen kyrkje – kollekt

VIPPS: 650878

Reinli kyrkje – kollekt

VIPPS: 22430

Begnadalen kirke – kollekt

VIPPS: 525671

Hedalen stavkirke- kollekt

VIPPS: 525362 Veståskapellet

Trykk: Land Trykkeri AS

Hedalen menighetsråd takker for
pengegaven gitt til barne- og un-
gdomsarbeidet i menigheten ved
Maria Syse Bråthens bortgang.

Ønsker du å støtte
menighetsbladet
med en gave?

Bruk VIPPS 114107
eller
bankkontonummer
2320 17 79723.